

Interpellasjonar og spørsmål til fylkestinget, 16.-17.mars 2022

Frist for å sende inn interpellasjon: Torsdag 10.mars, kl 0900

Frist for å sende inn spørsmål: Tysdag 15.mars, kl 0900

Oversikt mottekne interpellasjonar og spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Opppløysing av fylker og økonomi.
2.	Tore Andre Ljosland (Krf)	Opprusting av Grimstadvegen og miljøløftet
3.	Åsmund Berthelsen (SV)	Fylkessamanslåinga og folkerøysting
4.	Mark Taylor (MDG)	Gjer Vestland til ein Fairtrade-fylkeskommune
5.	Iiril Schau Johansen (H)	Tilbod om kompetansestyrking til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune, gjennom «Rosa kompetanse»
6.	Trude Brosvik (Krf)	Korleis sikre politiske prioriteringar som miljøkoordinator og skulefrukost i vgs.
7.	Terje Kollbotn ®	Sjø- og jordkabel eller monsternaster (luftspenn)?
Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Ukraina-krigen som tema i Vestland fylkesting 16. – 17. mars 2022
2.	Mark Taylor(MDG)	Bruk av § 12 i vassforskrifta i sak PS 3/22 Regional plan for vassforvaltning
3.	Terje Kollbotn (R)	Salting på høgfjellsovergangane – miljøvenleg?
4.	Jeanette Syversen (R)	Ny kraftlinje (spenningsoppgradering) over Sognefjorden

MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

1. Silja Ekeland Bjørkly (H); om oppløysing av fylker og økonomi

Fire av seks samanslåtte fylker har hatt folkerøysting eller vedtatt at dei skal søke om å løyse opp fylka og gå tilbake til gamle fylkesgrenser. Kostnadane berre ved å løyse opp Viken er ca. 400 millionar kroner. Dette er pengar me kunne brukt til å gje gode tenester til innbyggerane våre, eller som me kunne investert i skule, veg eller rassikring. Regjeringa har bekrefta at dei vil dekke moderate kostnadar med deling. Det Regjeringa ikkje har sagt noko om er kvar dei skal ta desse kostnadene frå, kva dei skal kutte. Det har likevel vore sagt at ein moglegheit er å ta det over ramma til fylkeskommunane. Ei slik løysing er sjølvstøtt umogeleg då ramma er altfor låg og vil derfor føre til at dei andre fylka ikkje kan levere dei tenestene dei skal til innbyggerane.

No er me altså i ein situasjon der enkelte fylker bruker all tid på å fokusere på skilsmisse, medan andre, som Vestland, har fokus retta mot å bygge det nye fylket saman til det beste for innbyggerane. Og sjølv om me innimellom er ueinige om retninga, så er einige i at me manglar store summer til investering og vedlikehald i fylka. Då er det forsmædeleg å sjå at ein skal bruke fleire hundre millionar til å løyse opp nyleg samanslåtte fylker som ein og har brukt mykje pengar på å slå saman.

Når me har så store uløyste oppgåver i fylkeskommunane, og staten tydelegvis har råd til å finansiere oppløysing, bør dei som eit minimum løyve tilsvarande midlar til dei fylkeskommunane som ikkje skal løysast opp sånn at dei til dømes kan gjere noko med etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane. Samstundes vil då regjeringa gje dei fylka som no er i prosess ein moglegheit til å velje å løyse opp fylka, eller å få tilsvarande sum til investering i eksisterande fylke.

1. Synes fylkesordfører det er rimeleg at dei fylka som no vel å splitte seg opp, to år etter samanslåinga, skal få dekkja sine kostnader til oppløysning av staten, og er fylkesordfører bekymra over signaler om at dette kan komme som følge av omfordeling av midlane til fylkeskommunane?
2. Vil fylkesordfører ta initiativ til at de fylka som vel å fortsette som samanslått fylke skal få tilført tilsvarande midlar for å gi gode tenester og investeringar i fylka?
3. Vil fylkesordfører ta initiativ til at regjeringa gir fylka som ynskjer oppløysning eit val, enten å få midlar til oppløysning, eller få midlar til å gi gode tenester og investeringar?

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune ber regjeringa sikre at alle fylker som ikkje er i oppløysning, eller som vel å ikkje løyse seg opp, må sikrast tilsvarande midlar for å yte tenester til innbyggjarane som oppløysningsfylka mottek for å dele opp fylka.

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1

Synes fylkesordfører det er rimeleg at dei fylka som no vel å splitte seg opp, to år etter samanslåinga, skal få dekkja sine kostnader til oppløysning av staten, og er fylkesordfører bekymra over signaler om at dette kan komme som følge av omfordeling av midlane til fylkeskommunane?

SVAR: Eg har følgd det offentlege ordskiftet om denne saka, og eg deler interpellanten sitt syn på at dei økonomiske rammene for reversering må vere heilt klare. Like eins, er det mitt klare syn at dei fylka som vil halde fram ikkje må oppleve at økonomien vert svekka på grunn av oppsplitting av andre fylke. Til det er oppgåvene som Vestland skal stette for store og for viktige.

Spørsmål 2

Vil fylkesordfører ta initiativ til at de fylka som vel å fortsette som samanslått fylke skal få tilført tilsvarande midlar for å gi gode tenester og investeringar i fylka?

SVAR: Eg er invitert til samtale med kommunalministeren om nye oppgåver til fylkeskommunane, og i tillegg til svaret over, så er det varsla ein gjennomgang av inntektssystemet til fylkeskommunane. Når eg møter ministeren, så vil eg snakka for våre interesser om å få finansierte oppgåvene våre. Og vidare må me som fylkeskommune følgja med og gje uttale til nytt inntektssystem.

Spørsmål 3

Vil fylkesordfører ta initiativ til at regjeringa gir fylka som ynskjer oppløysning eit val, enten å få midlar til oppløysning, eller få midlar til å gi gode tenester og investeringar?

SVAR: Som fylkesordfører i Vestland, er det dei økonomiske rammene for Vestland som er dei sentrale for meg å ivareta for fylkestinget. Sjølv om det er brei semje for at Vestland får halde fram med det viktige arbeidet me gjer for innbyggjarane våre, har eg respekt for sjølvråderetten til andre fylke - også for dei som finn at dei ynskjer å gjere endringar. Samstundes skal me vere tydelege i forventinga vår til styresmaktene om at Vestland ikkje går glipp av ei krone som kunne gå til drift og utvikling i vårt eige fylke.

2. Tor Andre Ljosland (Krf); om opprusting av Grimstadvegen og miljøløftet

KrF ønsker en generell debatt om hvordan fylkestinget skal ivareta sitt ansvar for fylkesveiene i Bergen. Interpellanten ønsker å illustrere problemet ved å benytte Grimstadveien som et eksempel. Befolkningen på Grimstadgrunnkrets teller over 1100 personer. Grimstadveien er eneste adkomst.

Når fylkeskommunens busser kjører til Grimstad kjører de i begge retninger en omvei via rundkjøringen på Søreide fordi avkjørselen er ekstrem farlig. Ved avkjørselen er det også brudd i gang og sykkelsti. Elever har rett på skoleskyss grunnet den farlige veien.

Miljøløftet styres etter nullvekstmålet. Å ruste opp Grimstadveien gir ikke mindre trafikk. Likevel kan det ikke være slik at trafikkfarlige veier skal forbli trafikkfarlige av den ene grunn at det strider med miljøløftet hovedmål.

Miljøløftets organisering vanskeliggjør fylkestingets muligheter til styring over fylkesveiene i Bergen. Interpellanten er ikke uenig i at det er nødvendig med samarbeid med stat og kommune, men spørsmålet er om ikke «outsoucringen» egentlig fører til ansvarspulverisering.

Nå er det vedtatt ny reguleringsplan i området og det er mulig å sikre seg anleggsbidrag til opprustningen av veien. Planen og all utvikling i området forutsetter selvsagt en opprustning av veien.

Spørsmål:

1. Er fylkesordfører enig i at Miljøløftets organisering vanskeliggjør fylkestingets mulighet for prioritering av fylkesveier i Bergen?
2. Er fylkesordfører enig i at nullvekstmålet må kunne fravikes i de tilfeller der det er behov for trafiksikker vei?
3. Har fylkeskommunen en prioriteringsliste over veier som spilles inn til miljøløftet?
4. Er det fylkestinget som er ansvarlig for vedlikehold, sikkerhet og opprustning av Grimstadveien?
5. Hvordan kan fylkeskommunen benytte muligheten som nå eksisterer til medfinansiering for å få til en raskere opprustning av Grimstadveien?

Svar frå fylkesordføraren

Interpellasjonen tar opp fleire interessante spørsmål som gjeld Vestland fylkeskommune si rolle som veigeigar og aktiv partner i Miljøløftet. Fylkesordføraren er kjent med dei utfordrande forholda i Grimstadvegen. Veggen har låg standard og manglar tilbod til mjuke trafikantar, og er definert som farleg skuleveg. I det følgjande vil plangrunnlag for Grimstadvegen, der fylkeskommunen er i dialog med utbyggjarane, bli gjennomgått. Forholdet til byvekstavtalen for Bergensområdet 2019 – 2029, Miljøløftet og nullvekstmålet vil også stå sentralt.

Plangrunnlag, kostnadsoverslag og rekkefølgjekrav Grimstadvegen

Områderegeringsplan for Dolvik – Hope, marina- og bustadområde vart vedtatt av Bergen kommune 16. juni 2021 og stadfesta av statsforvaltaren 9. desember 2021. Av planføresegna går det mellom anna fram følgjande rekkefølgjekrav for FV 5184 Grimstadvegen før det opnast for ny utbygging:

«Det er en grunnleggende forutsetning for planen at Grimstadvegen med fortau må utbedres og nye VA-anlegg etableres før ny utbygging. De fleste av planens byggetiltak omfattes derfor av ulike rekkefølgjekrav som fastsetter at infrastrukturiltak må gjennomføres før eller samtidig med byggetiltaket»

Bergen kommune har gitt eit grovt kostnadsoverslag for utbetring av heile fylkesvegstrekinga på ca. 206 mill. kr + MVA (2020). Normalt kan tiltakshavar få moglegheit til å innbetale ein avtalt sum som eit alternativ til å oppfylle rekkefølgjekravet (tiltaket er då såkalla sikra gjennomført seinare), og rette offentlig styresmakt får då ansvaret for å gjennomføre det aktuelle tiltaket. Moglegheit for bruk av utbyggingsavtalar er i denne saken sær avgrrensa, då det mest omfattande tiltaket (ny Grimstadveg) ikkje kan utsetjast, men må gjennomførast før nye byggetiltak kan setjast i gong.

Sak om rekkefølgjekrav i Vestland fylkeskommune

Når det gjeld forholdet til rekkefølgjekrav, så handsama fylkestinget 9. juni 2020 (PS 62/2020) prinsippsak for forskotteringar mv. i samband med rekkefølgjekrav og fylkeskommunale midlar. Det vart mellom anna gjort slikt vedtak:

«3. Rekkjefølgjekrav for privat utbyggjar som gjeld tiltak på fylkesveg, er i utgangspunktet eit krav som utbyggjar må oppfylle utan fylkeskommunal løyving. Når det er utbygginga som generer behov for oppgradering av fylkesvegen bør dette vera gjeldande.»

Fylkeskommunal løyving til Miljøløftet

Vestland fylkeskommune løyver årleg 284 mill. (2021-kr) til Miljøløftet. Midlane vert indeksjustert og porteføljestyrt mot nullvekstmålet.

Spørsmål frå representanten Ljosland

Spørsmål 1:

Er fylkesordfører enig i at Miljøløftets organisering vanskeliggjør fylkestingets mulighet for prioritering av fylkesveier i Bergen?

Svar:

Fylkesordføreren kan ikkje sjå at sjølv organiseringa eller oppbygginga av Miljøløftet i stor grad verkar inn på fylkestinget si moglegheit til å prioritere mellom fylkesvegprosjekt i Bergen. Bruken av økonomiske midlar vert regulert gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet 2019 – 2029.

Spørsmål 2:

Er fylkesordfører enig i at nullvekstmålet må kunne fravikes i de tilfeller der det er behov for trafikksikker vei?

Svar:

Fylkeskommunen har lagt opp til å forvalte vegane i tråd med dei målsetningane som ligg til grunn i Miljøløftet, men fylkeskommunen har samstundes eit samfunnsansvar som vegeigar. Dette betyr å halde vegane opne, trygge og tilgjengelege for alle.

Nullvekstmålet gjeld innanfor heile avtaleområdet, og kan avvikast innanfor enkeltprosjekt.

Nullvekstmålet og porteføljestyingskriteria for prosjekt i Miljøløftet kan gjere det vanskelegare å prioritere reine vegtiltak. Det er heller ikkje sett av ein eigen pott til vegtiltak. Vestland fylkeskommune er den største vegeigaren i fylket, og utfordringane knytt til fylkesvegnettet er mange og varierte. I Bergensområdet handlar utfordringane om trafikktryggleik, framkomst mjuke trafikantar og kollektiv, miljø, køproblematikk med meir, og det er stor konkurranse om midlane.

Det er byvekstavtalen som regulerer bruken av økonomiske midlar inn i Miljøløftet. Det fylkeskommunale bidraget skal etter dagens avtale hovudsakleg nyttast til programområdetiltak (kollektiv, sykkel, gange), men skal også kunne omfatte investeringar i bybanevogner, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak i driftsinfrastruktur for kollektivtrafikken, i tillegg til vedlikeholdstiltak med investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet.

Endringar knytt til kva type tiltak som kan finansierast gjennom Miljøløftet må såleis skje gjennom byvekstavtalen og semje mellom partane. Byvekstavtalen skulle etter planen reforhandlast hausten 2021, men reforhandling er førebels ikkje gjennomført.

Fylkeskommunen fører tilnærma alle midlane til bruk i Bergen gjennom Miljøløftet. Dette er ei vidareføring av bidraget til Bergensprogrammet. Skilnaden frå Bergensprogrammet er at det har skjedd ei innskrenking i kva pengane kan nyttast til. Dersom større vegprosjekt skal finansierast gjennom Miljøløftet må det enten skje gjennom semje i reforhandling av byvekstavtalen, eller det må nyttast midlar utanom Miljøløftet til tiltak i Bergen som ikkje bidrar til måloppnåing i byvekstavtalen.

Til samanlikning bidreg fylket berre med MVA-kompensasjon I Oslopakke 3 og Bymiljøpakken (Nord-Jæren) bidreg fylket berre med MVA-kompensasjonen for prosjekta i pakkane. Dei har altså ikkje eigne fylkeskommunale bidrag. I Miljøpakken i Trondheim bidreg Trøndelag fylkeskommune årleg med ca. 75 mill. kr i tillegg til MVA-kompensasjonen. Kommunane i Miljøpakken bidreg med eigne midlar, fordelt etter folketal.

Avslutningsvis kan det peikast på at det også kan vere utfordrande å sikre finansiering til tyngre vedlikeholdstiltak. 16. juni 2021 (PS 36/2021) gjorde derfor fylkestinget vedtak om å reservere ein større del av det fylkeskommunale bidraget til vedlikeholdstiltak med investeringskarakter. Potten til denne type tiltak vert dermed auka til 50 mill. (2021-kr) årleg, og kan nyttast i heile avtaleområdet.

Spørsmål 3:

Har fylkeskommunen en prioriteringsliste over veier som spilles inn til miljøløftet?

Svar:

Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram lister opp fleire vegstrekningar som har særleg store utfordringar, mellom anna fv. 5184 Grimstadvegen. Programmet er eit høyringsinnspel til kommunane, og skal handsamast av fylkestinget i juni.

Spørsmål 4:

Er det fylkestinget som er ansvarlig for vedlikehold, sikkerhet og opprustning av Grimstadveien?

Svar:

Grimstadvegen er fylkesveg, såleis er det Vestland fylkeskommune som har ansvaret for drift, vedlikehald og eventuelle utbetringar av vegstrekninga.

Spørsmål 5:

Hvordan kan fylkeskommunen benytte muligheten som nå eksisterer til medfinansiering for å få til en raskere opprustning av Grimstadveien?

Svar:

Fylkeskommunen er i dialog med utbyggjarane. I utgangspunktet vert rekkefølgekrav knytt til tidspunkt for når tiltaket vert teke i bruk. På grunn av den låge standarden på Grimstadvegen vert rekkefølgekrava her knytt til når ein startar opp tiltaket, då dagens veg ikkje toler anleggstrafikken. Dette gjer det vanskelegare å finne ei løysing der utbyggjarar kan betale inn ein sum for seinare gjennomføring, då vegen i praksis må vere finansiert og bygd før det kan opnast for anleggstrafikk. Vestland fylkeskommune vil såleis måtte ha ansvaret for å avklare storleiken på bidraga og risikoen for å få inn bidraga inn frå utbyggjarane. Vidare må fylkeskommunen då finansiere heile tiltaket inntil eventuelle bidrag er henta inn.

Fylkestinget gjorde juni 2020 vedtak om at utbyggjarar med rekkefølgekrav i utgangspunktet må oppfylle desse sjølve. Fylkesordføraren vil gjere merksam på at Grimstadvegen nok har behov for oppgradering uavhengig av utbygginga.

For indre del av strekninga vil vegen kunne byggast ut samstundes med kommunal oppgradering av VA-anlegg. Dette kan bidra til å lette finansieringa noko.

Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram legg opp til fylkeskommunen må gå i dialog med Bergen kommune om korleis prosjekt som ikkje direkte bidrar til nullvekstmålet skal løysast. Representanten Ljosland bidreg her med viktige spørsmål som det kan vere ein god anledning til å djupare inn i når avtalen skal reforhandlast.

Spørsmåla vil bli tema på fylkestinget i juni når tinget skal behandle sak både om handlingsprogrammet til Miljøløftet og sak om handlingsprogram med investeringsprogram for fylkesvegnettet.

3. Åsmund Berthelsen (SV); om fylkessamanslåinga og folkerøysting

Tre av dei samanslegne fylka søker om å få bli delte opp att, Troms og Finnmark, Viken og Vestfold og Telemark. Med det vil tal fylke auka til 15. Når det vert så store omorganiseringar i fylkesinndelinga, meiner eg at også saka må verte drøfta i Vestland fylke.

Når vi er tilbake til 15 fylke er eitt av vilkåra fleirtalet i Sogn og Fjordane fylkesting sette for å seie ja til fylkessamanslåinga ikkje oppfylt. Fylkestinget sette som vilkår at det vart om lag 10 regionar. Eit anna vilkår var om Stortinget fann grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt nivå. Om ikkje desse vilkåra vart oppfylte ville Sogn og Fjordane fylkesting halde fram og vidareutvikle fylke som eige fylke/eigen region frå 2020.

Også fleirtalet i Hordaland fylkesting stilte liknande vilkår i sitt vedtak: «Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.» Etter at det no vert 15 fylke og ingen store samfunnsoppgåver er overførte til dei nye fylka er dei to vilkåra som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette, ikkje oppfylte.

Folk i Sogn og Fjordane og Hordaland fekk ikkje høve til å seie meininga si gjennom ei folkerøysting før fylkestinga gjorde vedtak. Det vart reist krav om folkerøysting, men spørsmålet vart ikkje eingong teke opp som sak i fylkestinga. Meiningsmålingane i Sogn og Fjordane synte eit svært klårt nei-fleirtal då fylkestinget gjorde sitt vedtak. Også no er det eit fleirtal som seier nei til samanslåinga, og særleg er det mange unge som vil løyse opp att fylket.

Vedtaket om samanslåing vart ikkje gjort med grunnlag i eit folkeleg votum. Fylka som no vert delte har hatt omfattande høyringsprosessar før vedtak om oppløysing.

Meiner ikkje fylkesordføraren at det er rimeleg at også Vestland fylkeskommunen har ein prosess der saka vert lagt ut til ei folkeavrøysting no når fleire fylke ver delte? Og vilkåra dei to fylkestinga sette, ikkje er oppfylte. Viken vert omtala som eit stort fylke, men Vestland er 38 prosent større i areal. Og avstandane er store i Vestland, opp til 10-11 timar å køyre frå ytst på Stadt i nord til Sveio i sør. Frå Halden til Hallingskarvet i Viken tek det under fem timar. Storleiken og avstandane gjer at det er vanskeleg å halde oversikt. I Vestland fylke er det få felles møtepunkt der folk frå heile fylket kan møtest å lære meir om kvarandre og drøfte felles utfordringar. Diskusjonane mellom folk er i lokalaviser, som ikkje dekkjer heile fylket. Det gjer at det vert vanskeleg å få til ein felles diskurs når viktige prioriteringar innanfor skule og samferdsle vert drøfta. Fylket har til dømes eit stort tal vidaregåande skular og 5485 km fylkesveg, og det åleine er vanskeleg for dei folkevalde å ha inngående detaljert kjennskap til.

Sogn og Fjordane har hatt suksess med å utvikla tettstadane i heile fylket – i både Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Ein har også utvikla fleire sterke institusjonar i Sogn og Fjordane, som igjen har hatt mykje å seie for samfunnsutviklinga. Eit sjølvstendig Sogn og Fjordane kan utvikle fylket vidare på eigne premissar og til gode for innbyggjarane. I dagens Vestland fylke er Bergen eit tyngdepunktet og det fører med seg ei sentralisering. Både med tanke på kor møta vert lagt og kva organisasjonsmåtar ein ynskjer å utvikle vidare. Sentraliseringsprosessar får størst verknad når dei får verke over tid, og det er også ein kamp om fordeling av knappe midlar til veg, skule og dei andre oppgåvene til fylkeskommunen.

I alt utviklingsarbeid er forankring mellom dei det gjeld avgjerande for suksess. Avgjerda om samanslåinga var ikkje forankra mellom folk. Når Storting og regjering gjer seg klar for ei omorganisering av fylkeskommune-Noreg, må også folk i Vestland fylke få høve til å drøfte korleis dei vil organisere seg. Meiner ikkje fylkesordføraren at omsynet til folkestyret gjer at det vert lagt opp til ei folkerøysting, og at resultatet må få avgjerande innverknad på den vidare prosessen?

Framlegg til vedtak:

Det vert førebudd ei sak med sikte på å spørje folk i dei to gamle fylka, Sogn og Fjordane og Hordland om kva dei meiner om å dele opp att Vestland fylke. Folkerøystinga vert lagt ut i heile Vestland fylke. Om det vert fleirtal i ein eller begge dei to stortingsvalkrinsane for å dele opp fylket, skal fylkestinget søkje Stortinget om å få dele opp Vestland fylke, i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordførar ser representanten Berthelsen sin interpellasjon i samanheng med SV sitt partiprogram knytt til regionreforma, og lys av utviklinga i nokre andre fylke. Avtalen om og vegen fram til samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er me kjende med. Dei fylkeskommunane som var tvangssamanslegne, vart med brev varsla om at dei hadde frist innan 1.3 til å søke om oppløysing. Regjeringa har ikkje definert Vestland fylkeskommune til å vere i denne kategorien. Grunnlaget for ei eventuell oppløysing av Vestland fylkeskommune er difor normal prosedyre etter Inndelingslova. Det utgjer ein vesentleg skilnad i prosess og framdrift.

Vestland fylkeskommune har fått nye oppgåver og er offensiv som regional utviklar. Dette er likevel vår klare ambisjon å følgje opp regjeringa sin lovnad om at fylkeskommunane skal få overført fleire oppgåver. Saman med dei andre fylkeskommunane held me oppe presset for at desse lovnadane vert oppfylt. Dette var mellom anna tema i sist møte i fylkesutvalet, der ei sak handla om akkurat dette. Hurdalsplattforma er tydeleg på både regionvekstavgiftar m.m. som gjer at me bør ha forventningar om at den nye regjeringa vil og må gje fylka nye oppgåver for å fullføra regionreforma. Derfor foreslår fylkesutvalet at me skal be om nye oppgåver. Noko me er godt rigga til.

På bakgrunn av det eg har svart over, så må interpellanten sitt forslag om ei folkeavrøysting om fylket vårt, også følgjast opp med spørsmål om kva er den politiske analysen og prosjektet som må følgja av dette. Spørsmålet vert derfor kva skal ei folkeavrøysting føra til? Kva er alternativet, kva må utgreiast og svarast på for eit frivillig vedteke fylke, som har kome i styringsfart og fungerer.

Det høyrer til å understreka at det i 2019 var eit fylkestingsval der veljarane gav si røyst gjennom sine valde representantar. Den tilliten kjenner me alle på, og eg er viss på at kvar og ein av oss har eit ynskje om å handle ut frå det mandatet som veljarane har gjeve oss. Vestland er slik sett eit resultat av opne, demokratiske prosessar. Både fleirtalspartia og fleire av ei andre partia har programfesta å arbeida for å byggja og utvikla fylket.

4. Mark Taylor (MDG); gjer Vestland til ein Fairtrade-fylkeskommune

I fjor vedtok fylkestinget seriøsitetskrav i Vestland fylkeskommune for å medverke til eit meir anstendig arbeidsliv. I forlenging av dette er det naturleg å forsterke fylkeskommunen sitt bidrag til anstendige arbeidsforhold i fattige land gjennom auka fokus på etisk handel.

Offentlege verksemder har ei stor marknadsmakt som bør brukast til å skape positiv endring. Det ville vere uakseptabelt om leverandørar til offentleg sektor braut med grunnleggjande menneskerettar og utnytta menneske eller miljø for å produsere det vi konsumerer. Difor bør det offentlege aktivt arbeide for at forbruket vårt ikkje skal basere seg på utnytting av andre.

Fairtrade er ei internasjonal merkeordning som gjennom handel styrker bønder og arbeidarar i fattige land. Stiftelsen Fairtrade Norge er samansett av 13 organisasjonar, inkludert Norad, Utviklingsfondet, Norges Bondelag og Den Norske Kyrkja. Mange fattige er sjølvbergingsbønder som slit med å få endane til å møtast. Med meir rettferdige handelsvilkår kan dei sjølv kjempe mot fattigdom ved å investere i produksjon, lokalsamfunn og ei berekraftig framtid. Kaffe, te, sukker, krydder, bomullsprodukt, sportsballar og blomar er berre nokre av Fairtrade-produkta som er tilgjengelege på det norske marknaden i dag.

I lenkja under er ein presentasjon av ordninga og kriteria for å bli ein Fairtrade-fylkeskommune. https://www.fairtrade.no/fileadmin/fairtrade/engasjement/kommuner-ogfylker/2022_Fairtrade-kommuner_Brosjyre.pdf

Føremålet med sertifisering må vere at fylkeskommunen vil bruke det aktivt for å gjere ein forskjell i innkjøpa våre. Vestland er kjent for å vere ein fylkeskommune som viser omtanke overfor menneske i naud, slik som vedtaket om papirlause immigrantar på siste fylkestinget. Ei Fairtrade-sertifisering vil ytterlegare forsterke Vestland sitt omdømme som ein medmenneskeleg fylkeskommune som tek det globale fattigdomsproblem på alvor.

Utviklingsplan for Vestland byggjer på FN sine berekraftsmål. Fairtrade jobbar kontinuerleg med berekraftsmåla. Gjennom betre prisar, anstendige arbeidsforhold og ei meir rettferdig avtale for bønder og arbeidarar i utviklingsland, medverkar produksjon og handel etter Fairtrade-standardane til eit meir berekraftig jordbruk og betre liv for bønder og arbeidarar i fattige land. Å bli ein Fairtrade-fylkeskommune vil difor auke Vestland sitt bidrag til å nå FN sine berekraftsmål.

Dei Grøne spør difor fylkesordførar:

Vil fylkesordførar støtte eit fylkestingvedtak som ber om ei sak om Fairtrade-sertifisering?

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune sett i gong arbeidet med å førebu ein søknad om Fairtrade-sertifisering. Fylkestinget ber fylkesdirektøren leggje fram ei sak som skisserer vidare framdrift, inkludert ein tidsplan for søknadsprosessen.

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføraren viser til at interpellasjonen reiser viktige problemstillingar og er samd med interpellanten i at Vestland fylkeskommune som ein stor offentleg aktør bør vere medviten marknadsmakta ein har.

Interpellasjonen legg opp til at Vestland fylkeskommune skal melde seg inn i Stiftinga Fairtrade og verte ein Fairtrade-fylkeskommune. Fylkesordføraren er samd i at Fairtrade gjer eit viktig arbeid. Etter det fylkesordføraren kjenner til, er det også andre relevante organisasjonar enn Fairtrade som i tilfelle kan vere aktuelle for fylkeskommunen å melde seg inn i. Døme på dette er organisasjonen Etisk Handel Norge.

Med tanke på Vestland fylkeskommune sin storleik, meiner fylkesordføraren likevel det ikkje er nødvendig å melde seg inn i ulike organisasjonar for å ha fokus på dette arbeidet. I interpellasjonen vert det vist til at Vestland fylkeskommune har stor marknadsmakt som kan brukast til å skape positiv endring. I denne samanhengen vert det nemnt fylkestinget sitt arbeid med å stille seriøsitetskrav i arbeidslivet og at dette bør vere ein del av arbeidet med auka fokus på etisk handel.

Vestland fylkeskommune har i dag fleire avtalar der vareartiklar med fairtrade-sertifisering eller tilsvarande er tilgjengelege. Dette gjeld særleg matvareavtalane til dei vidaregåande skulane, og blomeavtalen. For kantina på Sandsli er kaffien sertifisert. Dette vert vidareført i nytt fylkeshus.

Fylkesordførar får opplyst at fylkesdirektøren vil arbeide for at fylkeskommunen i større grad kjøper varer med Fairtrade-sertifisering eller anna tilsvarande sertifisering. Fylkesdirektøren vil utarbeide ein plan for kva område og varetypar der fylkeskommunen skal kjøpe slike produkt.

Vestland fylkeskommune har, i utviklingsplanen og elles, fokus på FN sine berekraftsmål. Arbeidet med å fremje etisk handel er ei naturleg oppfølging av arbeidet med berekraftsmåla.

Avslutningsvis vil fylkesordføraren kort minne om at Vestland fylkeskommune må fylgje forskrifter og retningsliner i lov om offentlege anskaffingar. Lova har klare reglar for korleis offentlege innkjøp skal gjennomførast og er dermed ein viktig premis for dette innkjøpsarbeidet. Av omsyn til likehandsaming er det ikkje lov å krevje særskilte merkeordningar i ein konkurranse. Det er likevel tillate å stille krav tilsvarande fairtrade-krava ved produksjon av produkt som skal leverast. Som dokumentasjon på dette kan ein be om fairtrade-sertifisering eller tilsvarande. Leverandør kan også dokumentere på anna vis.

5. Iril Schau Johansen (H); om tilbod om kompetansestyrking til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune, gjennom «Rosa kompetanse»

Svar frå fylkesordføraren

Endringar i svar på interpellasjon frå Johansen (H) - Tilbod om kompetansestyrking til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune, gjennom "Rosa kompetanse"

Fylkesordføraren viser til tidlegare svar på interpellasjon frå Johansen (H), og vil med dette rette opp i feil og komme med tilleggsopplysningar.

REPRESENTANTEN IRIL SCHAU JOHANSEN (H) HAR MELDT INN FØLGJANDE INTERPELLASJON:

Tilbod om kompetansestyrking til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune, gjennom «Rosa kompetanse»

Mange har det bra, men nasjonale undersøkingar syner likevel at det er større usikkerheit, auka frekvens av rus og fleire som har prøvd å ta sitt eige liv blant LHBTIQ-personar enn i resten av befolkninga, ikkje minst blant ungdom. LHBTIQ-personar er i tillegg meir utsette for mobbing og diskriminering enn andre. Dette er noko fylkeskommunen som skuleeigar må ta på alvor.

Likeverd er eit sentralt prinsipp for dei vidaregåande skulane i Vestland, og ein viktig, vedteken strategi for skulane er at elevar og lærlingar skal kunna få «naudsynt støtte hjå kompetente vaksne» (Kjelde: Temaplanen «Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune»). Men framleis er det slik at mange vaksne som jobbar med ungdom, har fått liten eller inga opplæring i korleis ein kan snakka trygt om kjønn og seksualitet.

Her kan «Rosa kompetanse» vera eit steg i rett retning.

«Rosa kompetanse» er eit tilbod om fagleg hjelp og undervisning om kjønns- og seksualitetsmangfald til mellom anna tilsette i skular. Det er eit landsdekkande tiltak, som kjem dit det vert invitert. Målet med kursa er at alle skal kunna snakka trygt om kjønn og seksualitet i sin arbeidskvardag, og på den måten kunna skapa gode møte mellom menneske. Kursa gjev kort og godt ei kompetanseheving som bidreg til at fleire får leva gode liv som heile seg. Kwart einskild kurs vert skreddarsydd for den aktuelle målgruppa. Kursa er elles basert på helse- og levekårsundersøkingar, nasjonal og internasjonal forskning, og lovverk/planverk for skulen. Dei tilsette hjå Rosa kompetanse skule har alle utdanning og/eller erfaring innanfor fagfeltet pedagogikk.

Rosa kompetanse er organisert som ei fagavdeling i FRI (Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold), og «Rosa kompetanse skule» er finansiert av Utdanningsdirektoratet (gjennom direkte løyvingar på statsbudsjettet) og Helsedirektoratet. Opplegget er såleis solid forankra, og det er berre snakk om ein mindre eigenandel for dei som nyttar seg av tilbodet.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Kva er Vestland fylkeskommune sine vedtekne planar når det gjeld å ha eit systematisk og godt arbeid som sikrar inkludering av alle, uansett kjønnsidentitet og seksuell orientering?

Vestland fylkeskommune har til no ikkje nytta seg av tilbodet Rosa kompetanse. Kva for opplegg har fylkeskommunen nytta i staden, for å sikra at dei tilsette i dei vidaregåande skulane har god og naudsynt kompetanse når det gjeld å kunna snakka trygt om kjønn og seksualitet, og bidra til at alle elevar kjenner seg inkludert og ivaretekne, uansett kjønnsidentitet og seksuell orientering?

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget i Vestland meiner at eit systematisk haldningsarbeid for å hindra fordommar, hat og intoleranse er svært viktig. Som eit ledd i fylkeskommunen sitt LHBTIQ-arbeid ber fylkestinget difor fylkesdirektøren om å informera alle vidaregåande skular i fylkeskommunen om tilbodet «Rosa kompetanse», og leggja til rette for at tilbodet vert teke i bruk ved dei ulike skulane.»

SVAR FRÅ FYLKESORDFØRAREN:

1. Kva er Vestland fylkeskommune sine vedtekne planar når det gjeld å ha eit systematisk og godt arbeid som sikrar inkludering av alle, uansett kjønnsidentitet og seksuell orientering?

Likeverd som prinsipp er grunnleggjande i planverket i Vestland fylkeskommune. Utviklingsplan for Vestland har som mål 4: «Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping». Regionale planar byggjer på utviklingsplanen og er slik forplikta på dette målet. Døme på det er Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland, kor ein av fire hovudmålsettingar er «Innovative og inkluderande samfunn».

Vestland fylkeskommune er i prosess med å signere Det europeiske charteret for likestilling. Signering av charteret inneber jamleg rapportering på den samla likeverdsinnsatsen gjennom eit kontinuerleg fokus. Like viktig er det at Vestland fylkeskommune som offentleg aktør er eit førebilete, går føre og viser retning.

Temaplanen Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring (vedteke 15.12.2020 i fylkestinget). Planen legg til grunn at elevane og lærlingane i Vestland skal ha ei likeverdig opplæring, som inneber like mogelegheiter til opplæring, uavhengig av evne og føresetnader, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhøyrslø, buplass, familien si utdanning eller heimen sin økonomi. Tilhøyrande handlingsprogram inneheld tiltaksområde for utviklingsarbeidet for vidaregåande opplæring. Det overordna tiltaket i handlingsprogrammet er:

Alle i laget rundt elevane og lærlingane sikrar eit trygt og godt skule- og arbeidsmiljø som er helsefremjande og inkluderande.

Opplæringslova og læreplanverket er styrande for skulane sitt arbeid. Opplæringslova kapittel 9A slår fast:

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.

Dei vidaregåande skulane har eigne planar for å fremje eit trygt og godt skulemiljø, og tilsette er forplikta til å følgje ekstra godt med på elevar som er særskilt sårbare. Forhold som kan gjere elevar særskilt sårbare og utsette er kultur, religion, økonomi, helse, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, åtferdsvanskar, forhold kring familie og heimesituasjon.

2. Vestland fylkeskommune har til no ikkje nytta seg av tilbodet Rosa kompetanse. Kva for opplegg har fylkeskommunen nytta i staden, for å sikra at dei tilsette i dei vidaregåande skulane har god og naudsynt kompetanse når det gjeld å kunna snakka trygt om kjønn og seksualitet, og bidra til at alle elevar kjenner seg inkludert og ivaretekne, uansett kjønnsidentitet og seksuell orientering?

Ny overordna del av læreplanverket løftar fram verdigrunnlaget skulen byggjer på og gjer det enno tydelegare. Tre tverrfaglege tema er løfta fram fordi dei adresserer sentrale samfunnsutfordringar:

- Folkehelse og livsmeistring

- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling.

Alle tre tema er relevante å kople til arbeid med kompetanse i høve til å kunne snakke trygt om kjønn og seksualitet, og bidra til at alle elevar kjenner seg inkludert og ivaretekne, uansett kjønnsidentitet og seksuell orientering. Skulane har i større grad enn før eit handlingsrom og eit ansvar for innhald og organisering av kompetanseutviklinga.

Eit berekraftig samfunn diskriminerer ikkje, men inkluderer menneske med eit mangfald av identitetar og bakgrunn. Eit demokratisk samfunn gir rettar og pliktar og lærer born og unge medborgarskap. Livsmeistring og folkehelse er aktualisert særleg under pandemien, der fokuset på psykisk helse og ivaretaking av elevar og ungdom vi har ansvar for er praktisert i skulane våre.

Rosa kompetanse skole held kurs for skuletilsette og lærarstudentar om kjønns mangfald, seksualitets mangfald og inkluderande praksis. I desse kursa blir det fokusert på rolla og ansvaret til tilsette i skulen, for å skape ein inkluderande og trygg skulekvardag for eit mangfald av elevar. Førstkommande måndag skal Rosa kompetanse ha workshop – kurs på Årstad vidaregåande skule. Kurset er retta mot lærarar og skuletilsette. Rektor opplyser at det er lærarane sjølve som har komme med forslag om Rosa kompetanse i samband med utviklingsarbeid på skulen.

Det er ikkje avtalt kurs for fleire vidaregåande skular i Vestland inneverande år, men det er viktig å opplyse om kva som finns av kompetansehevande tiltak på dette område. Skulane må samstundes ha handlingsrom til å velje kompetansehevande tiltak utifrå behov.

I samtale med Marthe Holmedal Øvrum, avdelingsleiar Rosa kompetanse, blir det opplyst om at sjølv om Rosa kompetanse er statleg finansiert, kostar kvart 3 timars kurs kr. 5000,- . I tillegg kjem reisekostnad og kr. 1500,- for kvar påløpande time. Dersom alle skulane i Vestland nyttar seg av tilbodet. vil kostnaden vere på kr. 225 000,- pluss reisekostnader og ev. tillegg. Rosa kompetanse opplyser om at dei har ein fleksibilitet når det kjem til honorar, og at økonomi ikkje skal vere til hinder for å motta kurs.

Fylkesordførar sin tilråding:

Fylkesordførar gjer sjølv sagt sin støtte til eit viktig haldningsskapande arbeid. Det er fleire aktørar og program og velje i, som bidragsytarar til dette arbeidet. Eg meiner den enkelte skule bør stå fritt til å velgje tilnærming og opplegg innanfor skulens pedagogiske rammer og budsjett.

6. Trude Brosvik (Krf); om korleis sikre politiske prioriteringar som miljøkoordinator og skulefrukost i vgs.

Vi viser til notat om ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune til Hovudutval for opplæring og kompetanse frå Fylkesdirektøren, datert 07.03.2022.

Fylkestinget har uttalt at ein vil satse på miljøkoordinatorar ved dei vidaregåande skulane. Og at det er ei viktig teneste, jfr. PS 143/2020.

Med den nye budsjettmodellen som legg opp til rammefinansiering av dei vidaregåande skulane er det skapt uvisse om miljøkoordinatorane med at summen til tenesta er redusert for fleire skular.

Det vert også sagt at alle skular har ei miljøteneste, men ikkje som øyremerka tilskot. Likevel syner rekneark i saka at ein fordeler midlar til skular som «ikkje har miljøteneste».

Eit samrøystes hovudutval for opplæring og kompetanse var i PS 8/22 opptekne av å sikre miljøkoordinatorane i den nye budsjettmodellen og gjorde vedtak der det mellom anna heiter i pkt 3 «Ordning kring skulepsykologar, miljøkoordinatorar og skulefrukost er særskilte politiske satsingar, og skal vidareførast som tidlegare.

Miljøkoordinator-ordninga blir teken ut av budsjettfordelingsmodellen inntil vidare.» Vidare heiter det i pkt 4: «Miljøkoordinatorar finst ved fleire av skulane i Vestland, ikkje alle under same namn, men med same rolle/stilling. Ingen skular skal få endra dette tilbodet som følgje av ny budsjettmodell. På dette punktet er det særleg viktig at ein kommunikasjonsmessig byggjer bru mellom korleis ordningane vart finansierte i dei to tidlegare fylka. Ei ny sak må synleggjere dette.»

Fylkesdirektøren skriv i nemnde notat at dei refererte vedtakspunkta strir mot fylkestinget sitt vedtak i PS 9/2021, og derfor berre kan endrast av Fylkestinget sjølve. Fylkesdirektøren set difor desse vedtakspunkta til side.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Korleis kan vi som politikarar sikre miljøkoordinatortenesta, og då ikkje berre som ei «minimumsteneste som berre fungerer på papiret», innanfor budsjettmodellen?
2. Er rammene til skulane tilstrekkelege for at ein kan tilby elevane miljøkoordinatorteneste i ein storleik som vil fungere, eller vil denne tenesta bli den som først blir tatt bort sidan ho ikkje er lovpålagt?
3. Er det mogleg å skaffe ein oversikt over kor mange skular som har miljøkoordinatorstillingar og / eller personell i tilsvarande stillingar, storleiken og kor mykje midlar som vert nytta i dag til ordningane? Det vert i uformelle samtalar opplyst at alle skular har dette, medan det i svar på spørsmål i Hovudutvalet for opplæring og kompetanse vart opplyst konkrete tal, 11 av 12 vidaregåande skular i Sogn og Fjordane og 7 av 33 i Hordaland.
4. Fangar budsjettmodellen opp skilnader på behovet skular har for miljøkoordinator, som td tal hybelbuarar?
5. Kvifor er ikkje løyvinga til skulefrukost, som også er ei politisk satsing, lagt inn i budsjettmodellen?

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget meiner miljøkoordinatortenesta er viktig for å nå måla som er sett i temaplanen «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring», og vil at omfang og storleik av miljøkoordinatorstillingar vert sikra i den nye budsjettmodellen.

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1:

Vedtaka i FT-sak 139/2020 Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland (temaplan) og FT-sak 143/2020 Heilskapleg psykososialt tilbod i vidaregåande opplæring inneber at skulane skal ivareta miljøkoordinatoransvaret innanfor tildelt budsjett.

Ut frå prinsippet om rammebudsjettering, slik det vart vedteke i FT-sak 67/2020 Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune, står skulane fritt til å prioritere storleik på ressursen innanfor ramma.

Dersom ein politisk ønskjer å auke ressursen til miljøkoordinator ut over det som er innarbeidd i budsjettfordelingsmodellen, kan dette gjerast på to måtar:

1. ein kan prioritere opp løyvinga til miljøkoordinator med å omfordele innanfor budsjettamma
2. samla budsjettamme må aukast

Spørsmål 2:

Fylkesdirektøren si vurdering er at skulane har økonomi som gjer grunnlag for å ivareta eit godt psykososialt læringsmiljø og miljøkoordinatorar innanfor budsjettamma

Spørsmål 3:

Fylkesdirektøren sin oversikt syner at;

- dei fleste skulane nyttar ressursar til miljøkoordinator eller tilsvarande stillingar
- variasjon i ressursbruk er mellom 0% og 350 %
- i snitt nyttar skulane 80% stilling til føremålet
- oppgåvene til miljøkoordinator varierer noko og er tilpassa skulen sitt behov
- mange av skulane nyttar ordinære budsjettmidlar og covidmidlar til å finansiere ordninga
- bruk av miljøkoordinatorar er jamt fordelt på skulane i heile fylket

Spørsmål 4:

Ressursane til psykologteamet er plassert i rettleiingstenestene og desse yter tenester til 18 av skulane.

Ressursane til miljøkoordinator er i budsjettfordelingsmodellen fordelt på dei skulane som ikkje har tenester frå psykologteamet, dette er 26 skular. Ressursen er fordelt med ein grunnressurs pr skule og deretter fordeling etter elevtal med tersklar på 400 elevar, 500 elevar og 600 elevar.

Det er ikkje teke andre omsyn (t.d. til tak hybelbuarar) i fordelinga av ressursen.

Spørsmål 5:

Budsjettfordelingsmodellen omfattar, så langt, i hovudsak tildeling til ordinær opplæring. Løyvinga til skulefrukost er difor enno ikkje lagt inn i budsjettfordelingsmodellen. Den vedtekte økonomiske ramma til føremålet, 10 mill. kr, er fordelt på alle skulane etter samla elevtal på skulane. Løyvinga er planlagt inkludert i modellen etter same fordelingsnøkkel frå hausten 2022.

7. Terje Kollbotn (R); om sjø- og jordkabel eller monsternaster (luftspenn)?

INTERPELLASJON OM SJØ- OG JORDKABEL ELLER MONSTERMASTER (LUFTSPENN)?

Statnett har store ambisjonar om å ruste opp og byggje ut det norske transmisjonsnettet for enorme beløp. Til no har dette i all hovudsak skjedd i luftspenn. Dette byggjer på lover og forskrifter som vart vedtatt i Stortinget for over ti år sidan (jfr. Stortingsmelding 14 (2011-12) «Vi bygger Norge - om utbygging av strømmettet».

Dei fleste hugsar kampen om dei sokalla monsternastene gjennom Hardanger frå Sima til Samnanger i samband med forsterkinga av nettet mot Bergensområdet. Alternative trasear i sjø, jord og tunnell vart diverre avvist den gongen, trass stor motstand. Samstundes har Statnett satsa stort på byggjing av sjøkablar frå Norge til kontinentet (Nederland og Tyskland) og England dei seinare åra.

Sidan linjekampen i Hardanger, har det vakse fram sterkt auka medvit om viktige naturverdiar - biologisk mangfald, fauna og dyr og fugleliv, kulturlandskap og friluftssyn i samband med linjebyggjing mange stader i Norge. Både Vestland fylkeskommune og Næringsalliansen i Vestland har tidlegare bede om utgreiing av sjø- og jordkabeløysingar som alternativ til dagens politikk med høgspennmaster.

Denne konflikten er i dag brennaktuell i Sunnhordland og Nord- Rogaland. Statnett har søkt om konsesjon om å byggje ei ny 420 kV-linje i luftspenn frå Blåfalli i Matre i Kvinnherad via Etne og Vindafjord til Haugaland Næringspark i Tysvær. Denne søknaden har vakt stor tverrpolitisk motstand og engasjement. Etne kommunestyre har i to omgangar samrøystes sagt at dei ynskjer primært sjø- og jordkabel (i 2020 og i 2022). På denne bakgrunn er det nyleg tatt initiativ til eit tverrpolitisk og tverrfagleg forum for sjø- og jordkabelalternativ for å utfordre dagens nasjonale politikk der luftspenn framleis blir prioritert framfor sjø- og jordkabeløysingar.

Spørsmål til fylkesordføraren

1. Vil fylkesordføraren støtte initiativet frå Etne kommunestyre om å be NVE og OED om å utgreie eit alternativ for sjø- og jordkabel for linja Blåfalli - Gismarvik?
2. Vil fylkesordføraren ta initiativ til at Vestland fylkeskommune ber regjeringa og Stortinget om å kome med forslag til ny lov og forskrift der sjø- og jordkabel blir prioritert framfor luftspenn på sentral- og regionalnettet?

Forslag til vedtak:

Vestland fylkesting vil be regjeringa om å ta initiativ til at sjø- og jordkabel blir hovedalternativet ved ny nasjonal linjebyggjing i Norge.»

Svar frå fylkesordføraren

Svar på spørsmål 1.

Fylkeskommunen har vore einig med Etne kommune om at sjø- og jordkabel skulle vurderast på lik line som luftspenn sidan oppstarten av denne saka.

Heilt frå høyringa av meldinga av 420 kV sambandet Blåfalli-Gismarvik har fylkeskommunen, fyrst i form av Hordaland fylkeskommune og seinare Vestland fylkeskommune, prøvd å påverke i denne saka. Hordaland fylkeskommune bad i 2017 om at bruk av sjøkabel skulle utgreiast på lik line med øvrige alternativ i meldinga av tiltaket.

Til konsesjonssøknaden i 2020 gav fylkeskommunen administrativ fråsegn og bad igjen om ny utgreiing av sjøkabelalternativ basert på oppdatert teknologi. I tillegg viste fylkeskommunen til mykje av uttalen til Etne kommune.

Etter fleire innspel om utgreiing av sjøkabel utforma Statnett to notat om kabelteknologi, alternative traséar med implementering av sjø- og jordkablur og vurderingar av desse. Denne rapporten kom i mars 2021 og er å finne på nettsida til NVE for denne saka. <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/41925863-29ff-40b5-8f19-82c652ed281b/201705405/3422188>

Hovudfunn frå denne utgreiinga er at det er mogeleg å leggja heile eller deler av strekket i sjø- og jordkabel, men at dette er særskild krevjande og at det gjev større utfordringar å drifta anlegga gjennom levetida deira. Sjø- og jordkabel vil òg leggja beslag på store areal på land.

Svar på spørsmål 2.

Det er heilt ope for å velje sjø- eller jordkabelalternativ i nettutbygginga i dag med det regelverket som er. Med store framsteg dei siste åra på kabelteknologi, ser både utbyggjarar og mynde at nettutbyggingsalternativ basert på sjø- og jordkabel vert meir og meir aktuelt. Dette ser fylkeskommunen gjennom at dette utgreiast og vurderast i større grad no. Sjø- og jordkabel er ikkje lengre berre eit avbøtande tiltak, men eit reelt alternativ der det ligg til rette for det.

Å be om ei lov og forskrift som prioriterer sjø- og jordkabel framfor luftline meiner fylkesordføraren er uklokt då dette set vektinga av andre faktorar, som er vedtekne premisser for utviklinga av Vestland, i andre rekkje.

Den lova som ligg i dag skal sørgja for at nettet byggjast ut på best samfunnsøkonomisk måte. Fylkeskommunen har i fleire omgangar gjeve innspel til Statnett, NVE, OED og straumnettutval om at vurderinga av samfunnsøkonomi som gjerast i dag ikkje er god nok, og går for sakte grunna mindre effektive prosessar. Prinsippet med samfunnsøkonomi som avgjerande faktor meiner fylkesordføraren er rett, men at sjøkabelalternativ kan dra ned konfliktnivået på ulike tiltak må òg vera med i vurderinga. Der sjøkabelalternativ kan dra ned konfliktnivået for tiltak kan dette ha store samfunnsøkonomiske fordeler. Sakshandsaminga går raskare når mindre landareal må konsekvensutgreiast og det er mindre misnøye som gjev grunnlag for å klage på vedtak.

Fylkesordføraren ynskjer ikkje å støtta fremja vedtaksforslag

Fylkesordføraren ynskjer ikkje at fylkestinget skal oppfordra til at sjø- og jordkabel skal vurderast i fyrste rekkje, framfor andre alternativ. Fylkeskommunen skal likevel jobba vidare for at slike alternativ vurderast på lik line som luftliner der vi meiner det er aktuelt, og at samfunnsøkonomiske vurderingar vektast riktig. Slik skal berre dei naudsynte og beste tiltaka gjennomførast.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Silja Ekeland Bjørkly (H); om Ukraina-krigen som tema i Vestland fylkesting 16. – 17. mars 2022

Ukraina-krigen som tema i Vestland fylkesting 16. – 17. mars 2022

Russland sitt brutale, meningslause og folkerettsstridige angrep på Ukraina må fordømmast på det sterkaste. Me må stå saman med Ukraina og gje land og folk all den støtte me kan. Krigen har skapt ei humanitær krise, i Ukraina og for ein stor flyktingestraum til Vest-Europa. Krigen råkar i tillegg energi- og matvaresituasjonen i Europa.

Vestland kan og må stilla opp i denne krevjande situasjonen for Ukraina og Europe.

Vestland fylkesting må setja Ukraina-krigen på dagsorden i møtet 16. – 17. mars, og drøfta mellom anna humanitære utfordringar, mottak av flyktingar og det fylkeskommunale ansvaret og tiltak knytt til energi- og matvaresituasjonen.

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføreren er samd i spørsmålsstillar sitt utgangspunkt. Dette er eit angrep som er brutalt, meningslaust og folkerettsstridig. Det er eit angrep av ein karakter vi trudde vi ikkje ville få sjå igjen i Europa. Krigen må fordømmast på det sterkaste.

Situasjonen er i stadig utvikling. Ingen veit kor lenge krigen vil vare, kva omfang den vil få, eller kva dei endelege kostnadene og konsekvensane vil bli.

FNs høgkommissær for flyktningar reknar pr 10. mars med at over to millionar menneske er på flukt. Det er forventa at talet vil auke monaleg. Flyktningane er i hovudsak kvinner og barn. Halvparten av flyktningane er under 14 år.

På denne bakgrunnen har regjeringa ved kongeleg resolusjon 11. mars vedteke midlertidig kollektivt skydd for borgarar frå Ukraina i Noreg. Dette inneber forenkla handsaming av asylsøknad og løyser ut rett til opplæring i språk og samfunnskunnskap. Målet er rask kartlegging av kompetanse og yrkesbakgrunn, rask busetting og auka moglegheit for jobb, utdanning for flyktningane. Det er òg oppretta nasjonal registrering med helsetilbod på det nasjonale ankomstsenteret i Råde. Tilbodet om registrering vil bli desentralisert i vekene framover. Ukrainarar som har kome til Noreg som turistar må oppfordrast til å registrera seg, slik at dei får løyst ut rettighetene sine.

Det er uvisst kor mange flyktningar som vil koma til Noreg. Truleg må vi vere budd på å ta imot fleire flyktningar enn nokon gong tidlegare. Det meste vi til no har teke imot på eit år er 15.000. Regjeringa legg til grunn at Noreg skal vera ein del av det europeiske samarbeidet om allokering av flyktningar.

IMDI har sendt førespurnad til alle kommunane i landet og UDI har gått ut med konkurranse for etablering av akuttmottak til alle kommunar og andre. I Vestland er det pr 10. mars akuttmottak i Bergen og Øygarden. Regjeringa vil auke støtta til heile integreringsarbeidet. Integreringa skjer lokalt, og det er kommunane som er den primære nøkkelen for at dette arbeidet skal lukkast. Statsetatane melder om særskild god respons frå kommunane.

Men kapasiteten vil kunne koma under press, og både kommunane og frivilligheita vil trenge støtte.

Det er IMDi som fattar vedtak om busetting. Vanlegvis skjer dette etter eit fast og strukturert system som og fylkeskommunen tek del i, i samsvar med §4 i integreringslova. Denne fastsette «oppmodningsprosedyren» vil ikkje bli følgt i denne akutte situasjonen. IMDi tek i denne ekstraordinære situasjonen sikte på rask avklåring direkte med kommunane om midlertidig og fast busetting.

Regjeringa har gitt Statsforvaltaren oppgåva med regional samordning. Det er etablert faste vekevisse møte der Statsforvaltaren i Vestland kallar inn til møte mellom kommunane, fylkeskommunen, politimynde, beredskapsorgan og andre relevante etatar i regionen. Det er og faste møte i fylkesberedskapsrådet, der fylkeskommunen deltek, der den akutte situasjonen er høgt prioritert.

Fylkeskommunen sine oppgåver på feltet følger av §4 i integreringslova. Her heiter det;

Fylkeskommunen er ansvarleg for det regionale integreringsarbeidet. Fylkeskommunen skal utarbeide planer for kvalifisering av innvandrarar.

Fylkeskommunen tilrår kor mange flyktningar som bør busetjast i den enkelte kommunen i fylket.

Fylkeskommunen skal sørgja for tilbod om karriererettleiing etter § 11 og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for deltakarar som går heiltid i vidaregåande opplæring etter § 30

Fylkeskommunen gjev normalt eit godt tilbod om karriererettleiing til flyktningar og tilbod om norsk og samfunnskunnskap til elevar og vaksne deltakarar i fulltids vidaregåande opplæring. I tillegg er det i Bergen kommune oppretta tilbod om innføringsklassar til innvandrarar og flyktningar med kort butid, med fokus på språkopplæring. Fylkeskommunen samarbeider også med kommunane for å tilby kombinasjonsklassar med grunnskuleopplæring i vidaregåande skule. Det er allereie oversøking til dei særskilt tilrettelagte tilboda i Bergensområdet, men noko ledig kapasitet i kombinasjonstilboda i resten av fylket der tilbodet er oppretta.

Det er likevel slik at kapasiteten totalt er skalert etter normalsituasjonen. Vi er budd på å raskt kartlegge kor og korleis ein kan auke kapasiteten i denne akutte krise vi no er inne i. God informasjonsflyt mellom sentrale aktørar og effektiv utnytting av mottaks- og utdanningskapasitet i heile fylket er avgjerande for å lykkast. IMDI har sett på statistikk over utdanningsnivå i Ukraina og finn at det er eit generelt høgt utdanningsnivå i befolkninga og også relativt god kompetanse i engelsk. Utan å generalisere for mykje, kan det tyde på at om ein raskt får på plass

tilrettelagte tilbud om norsk og samfunnsfag, så vil ein stor del av ungdommane frå Ukraina raskt handtere å gå inn i ordinære opplæringstilbud i fylket.

Som nemnd er det og slik at halvparten av flyktningane frå Ukraina er under 14 år. Dette inneber at vi må vere budd på at det raskt kan bli naudsynt med tiltak for å auke kapasiteten i og tilboda om vidaregåande opplæring.

Likeins må vi vere budd på å auka kapasiteten innan andre fylkeskommunale tenester, som til dømes tannhelse.

Når det gjeld den overordna tryggleikssituasjonen for Noreg, er det ikkje lagt til grunn at denne er svekka. Fylkeskommunen samarbeider laupande med Statsforvaltaren og andre relevante etatar, mellom andre i fylkesberedskapsrådet, om dette spørsmålet.

2. Mark Taylor (MDG); om bruk av § 12 i vassforskrifta i sak PS 3/22 Regional plan for vassforvaltning

Eg viser til Regional plan for vassforvaltning side 23: Miljødirektoratet melder om følgjande nye inngrep og løyver vurdert etter § 12.

1. Kvifor er grunngevinga frå Departementet (KLD) ikkje omtala i oppdatert vassforvaltningsplan 2022-2027, men i staden står det berre ei tilvising til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021? Er det noko formelt i vegen for at grunngevinga kan stå i oppdatert vassforvaltningsplan 2022-2027, t.d. dette frå side 58 i vassforvaltningsplan 2016-2021:

Dersom gruveverksemd ved Engebøfjellet vert sett i verk, vil tilstanden i vassførekomsten Førdefjorden-ytre gå frå god økologisk tilstand til dårleg tilstand som følgje av dei fysiske endringane i botnforholda. Tilstanden til vassførekomsten er venta å bli svært dårleg så lenge deponeringa føregår og i lang tid deretter. Det er difor naudsynt med unntak etter vassforskrifta § 12 for å gi løyve til deponering av massane.?

2. På 18.01.2021 endra Miljødirektoratet løyvet med «Revidert tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven for Nordic Rutile AS.»

Det reviderte løyvet har vesentlege endringar inkludert løyve til utslepp av nye giftige kjemikaliar som Sodium isobutyl xanthate (SIBX) og Magnafloc 5250. SIBX har skadelege effektar på akvatiske organismar, bl.a. er det indikasjonar på at stoffet kan bidra til auka opptak av tungmetall i vassplanter. Magnafloc 5250 inneheld akrylamid som er klassifisert som kreftframkallande.

Sjølv om Miljødirektoratet konkluderte at «Endringene det er søkt om endrer derfor ikke vurderingene som er gjort etter vannforskriften da vedtaket om å gi tillatelse ble fattet i 2015.», er ikkje det reviderte løyvet datert 18.01.2021 ei endring og ajourføring sidan offentleggjeringa av førre versjon av forvaltningsplanen som bør omtalast i vassforvaltningsplan 2022-2027, jamfør vassforskrifta Vedlegg VII.B.1?

3. Er det noko formelt i vegen for at fylkestinget/Vestland fylkeskommune kan skrive i vassforvaltningsplanen eller i vedtaksteksten til sak 3/22 at fylkeskommunen er usamd med KLD/Miljødirektoratet si vurdering at alle vilkåra for bruken av § 12 i vassforskrifta er oppfylt?

4. Eg viser til <https://www.eftasurv.int/newsroom/updates/call-information-effects-mining-waste-norwegian-fjords-and-water-bodies.nb> EØS-tilsynet ESA undersøker no effekten av gruveavfall på norske fjordar og vassdrag i samanheng med vassrammedirektivet fordi deponering av avfallsmateriale, inkludert kjemikaliar, frå gruver i fjordar og vassdrag kan utgjere ei rekkje faktiske og potensielle risikoar for miljøet og menneske si helse. ESA sin frist for innspel er fredag 18. mars.

Skal vassregionsmynde Vestland fylkeskommune sende inn informasjon slik som ESA etterlyser innan fristen?

Bør ikkje ESA sine undersøkingane i samanheng med vassrammedirektivet nemnast i vassforvaltningsplanen slik at planen blir à jour?

Svar frå fylkesordføraren

Svar spørsmål 1

Utsleppsløyve vart tildelt Nordic Rutile AS av Klima- og miljødepartementet (KLD) i 2015 og inngjekk av den grunn inn i planen for 2016-2021. Sektorstyresmaktene har plikt til å melde inn ny bruk av § 12 til arbeidet med vassforvaltningsplanen for 2022-2027. Ein standardmal er utarbeidd av Miljødirektoratet for å registrere bruken av § 12. Teksten som ligg i vassforvaltningsplanen for 2022-2027 har vi fått frå Miljødirektoratet og den følgjer maloppsettet for å registrere bruk av § 12. Teksten fekk vi før det reviderte løyvet frå Miljødirektoratet kom i 2021, og vi har ikkje fått nokon oppdatert tekst frå dei.

Nordic Rutile AS fekk tildelt driftskonsesjon av Direktoratet for mineralforvaltning 17.06.2020. I driftskonsesjonen vart det vist til vurderinga av vassforskrifta i utsleppsløyvet frå 2015. I tillegg fekk dei eit revidert utsleppsløyve etter ureiningslova frå Miljødirektoratet 18.01.2021. Miljødirektoratet konkluderer med at endringane i utsleppsløyve som var gitt i 2021 ikkje endrar vurderingane som vart gjort etter vassforskrifta da vedtaket om å gi løyve i 2015 vart fatta. I det reviderte løyvet er det vurdert at miljøkonsekvensane vert mindre som følgje av endra bruk av prosesskjemikalie.

Sidan det ikkje er gjort ei ny vurdering av § 12 som medfører endring av vurderingane frå 2015, har vi vist til nærmare omtale av saka i planen for 2016-2021. Kopi av teksten ligg under.

«Engebø

Vassførekomsten Førdefjorden Ytre er satt i risiko for ikkje å nå miljømålet om god tilstand etter at løyve til drift vart gjeve.

Under følgjer en oppsummering frå løyve gitt av Klima og Miljødepartementet og Miljødirektoratet til utvinning av rutil frå Engebøfjellet.

Dersom gruveverksemd ved Engebøfjellet vert sett i verk, vil tilstanden i vassførekomsten Førdefjorden-ytre gå frå god økologisk tilstand til dårleg tilstand som følgje av dei fysiske endringane i botnforholda. Tilstanden til vassførekomsten er venta å bli svært dårleg så lenge deponeringa føregår og i lang tid deretter. Det er difor naudsynt med unntak etter vassforskrifta § 12 for å gi løyve til deponering av massane. Klima og miljødepartementet har vurdert at vilkåra for unntak er oppfylt.

Miljødirektoratet meiner det berre er den fysiske endringa som fører til at vassførekomsten vert dårlegare og at ingen andre påverknader frå tiltaket vil gjere den økologiske tilstanden dårlegare.

Direktoratet vurderer at tiltaket heller ikkje vil føre til at grenseverdiane for vatn og biotop vert overskride. Grenseverdiane for sediment kan brukast utanfor området som er sett av til deponi i reguleringsplanen og direktoratet meiner at disse grenseverdiane heller ikkje vil bli overskridne.

Departementet slutter seg til direktoratets vurdering om at den kjemiske tilstanden i Førdefjorden-ytre ikkje fører til dårlig tilstand. Vurderingane til direktoratet og departementet er basert på opplysningane i søknaden, konsekvensutgreiinga, tilleggsundersøkingar og oppdatert informasjon frå bedriften om kjemikaliebruken. For å sikre at tilstanden i vassførekomsten og tilgrensa vassførekomstar ikkje vert dårlegare enn føresett er det stilt vilkår om overvaking, jf. punkt 12 i løyvet. Det vert og stilt vilkår om avbrotskriterier som sikrar at verksemda må stanse dersom overvaking viser at tilstanden blir dårlegare enn lagt til grunn.»

Svar spørsmål 2

Vestland fylkeskommune har ikkje fått ny tekst frå miljødirektoratet. Det er mogleg å oppdatere saksgangen, men den har ikkje ført til endringar av tidlegare vurderingar av § 12 eller miljømålet.

Svar spørsmål 3

Nei, fylkestinget står fritt til å fatte vedtak. Det vil kunne gi tydelege signal, men det er sektorlovveket som er det juridiske regelverket. Kven som helst kan klage vedtaket inn til ESA.

Svar spørsmål 4

Fylkeskommunen som vassregionsmynde har ikkje vurdert å kome med innspel i saka. Vi er prosessmynde, og har ikkje tilstrekkeleg med fagkunnskap til å kome med konkrete innspel til saka.

Vi kan oppdatere teksten med det reviderte løyvet og ESA sine undersøkingar, men førebels har ikkje dette ført til endringar sidan førre planperiode.

3. Terje Kollbotn (R); om salting på høgfjellsovergangane – miljøvenleg?

SALTING PÅ HØGFJELLSOVERGANGANE - MILJØVENLEG?

På høgfjellsvegane Haukeli (E- 134) og Hardangervidda Rv 7) pågår bruk av vegsalt som er ute av kontroll. På Hardangervidda er det køyrd ut enorme mengder salt so langt i vinter. Med avrenning til terreng og vassdrag, tvers gjennom landskapsvernområde, t.d. Hardangerjøkulen-Skaupsjøen.

No som det skal vera eit grønt skifte og alt skal bli meir miljøvenleg, kan dette rett og slett ikkje halde fram. På høgfjellet må ein forventa snøføre, og avpassa både fart, dekk, kjettingutstyr etter tilhøva. Salting fører og til at køyretøy i periodar blir nedsprøyta med saltlake. Og når det er store temperatursvingningar, vil kulde føre til at saltlake frys og det blir spinnglatt og livsfarleg føre. Dette har ført til fleire ulukker og nestenulukker på høgfjellsovergangar.

Varm sand er ypperleg for å sikra glatte vegar, og var prøvd ut for mange år sidan. Truleg vart det for dyrt. Tida er no for å endra dette. Vegvesenet har diverre sett vedlikehaldet på vegane ut på anbod. Truleg må politikarane gje Vegvesenet eit pålegg om å kutte i saltbruken.

På same måte som som ferjene får krav om elektrifisering på nye anbod, kan Vegvesenet stilla krav om slutt på saltbruk, i alle fall i høgfjellet.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Ser fylkesordføraren at salting på høgfjellsovergangane er ei dårleg løysing både for miljøet, bileigarane og for trafikktryggleiken?
2. Vil fylkesordføraren ta eit initiativ ovafor Statens Vegvesen og Samferdsledepartementet for å finne andre og betre løysingar for å unngå fortsatt salting?

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1

Salt nyttast til å halde bar veg eller for å gjenopprette bar veg. Snø, slaps og is skal i hovudsak fjernast med mekaniske metodar.

Dei nemnde høgfjellsstrekningane er riksveg, og administrasjonen har sjekka korleis Statens vegvesen (SVV) bruker salt her. SVV er opptekne av å balansere omsynet til miljøet. Det har gått store mengder strøsand i stigningar til høgfjell og dei ser no på moglegheit for å løyse dette med å nytte salt på rett måte for å få reduksjon i bruk av strøsand. Snø og is blir fjerna mekanisk, det blir ikkje nytta salt til det. Med rett bruk av salt i forkant av snø så blir det lettare å fjerne snø etter snøfall og trafikken får tidlegare berr veg og betre friksjon. SVV har krav om begrensa bruk av salt, og saltoppgjer er endra frå mengde til minutt som gir mindre saltforbruk. SVV har med fastsand i sine kontraktar og oppmodar om slik bruk.

Fylkeskommunen har ikkje høgfjellsstrekningar med barvegstrategi. Våre høgfjellsvegar blir berre salta preventivt (for å unngå at det legg seg ishinne i overgangsperiodar) og dette blir berre brukt om hausten/våren. Det blir ikkje brukt salt for å fjerne snø/is, slik at det om vinteren er vinterføre på våre høgfjell. I låglandet har me nokre strekningar med barvegstrategi.

Fylkeskommunen har gått vekk ifrå å nytte saltlake, det blir berre brukt befukta salt.

Vi har fokus på å redusere saltbruken/saltmengda. I driftskontraktar frå og med 2021 er oppgjersforma endra slik at entreprenøren får godtgjort for heile turen når dei er ute og saltar, uavhengig av mengde. Tidlegare fekk entreprenør berre godtgjort når dei faktisk la ut salt. Endringa gjer at det no er meir lønnsamt for entreprenøren å berre salte nødvendige punkt, ikkje leggje ut salt samanhengande. Driftskontraktane er fleirårige, slik at endringa er gjeldande for nye kontraktar frå og med 2021.

Vi har også krav om utstyr til fastsand (oppvarma sand). I nyare kontraktar står det at fastsand skal nyttast når klimatiske forhold tilseier det eller når byggherren krev det. Fastsand gir betre langtidverknad og mindre bruk av sand.

Spørsmål 2

Fylkesordføreren vil sende spørsmål til SVV for å få utgreia kva strategi dei har for salting av høgfjellsoverganger vidare, og alternativ for å sikre framkome og trafikktryggleik over høgfjellsoverganganane. Eg vil kome tilbake til svar til fylkestinget.

4. Jeanette Syversen (R); om ny kraftlinje (spenningsoppgradering) over Sognefjorden

Eit [NRK-oppslag 23. februar](#) opplyste om at «No blir det 'motorveg' for straum over Sognefjorden». Bakgrunnen var at Olje- og energidepartementet same veka hadde stadfesta konsesjon til Statnett SF for bygging av linja. Det har blitt reklamert for denne spenningsoppgraderinga til ei 420 kV-linje med at den vil redusere dei store og urettferdige forskjellane i straumpris mellom prisområda NO3 og NO2 og NO5. Prisområde NO3 inkludere mesteparten av Ytre Sogn (nordsida av Sognefjorden), Sunnfjord og Nordfjord.

NVE skriv i sitt dokument at «prisene nord og sør for Sognefjorden blir likere». Men, og der eit viktig «men» i denne saka – NVE skriv også at «Prisnedgangen sør for Sognefjorden er betydelig mindre enn prisoppgangen nord for Sognefjorden. Det skyldes blant annet at områdene sør for Sognefjorden utgjør et betydelig større marked.»

Med orda «betydelig større marked» er vi inne på kjerna i saka, og som er bakgrunnen for spørsmålet til ordføreren. Statnett har i nettutviklingsplanen sin, grunngitt kraftlinja med «handelskapasitet». Og det forklarar det meste.

Handelskapasiteten med utlandet, har blitt utvida drastisk med kraftkablane til Tyskland og Storbritannia. NO5, prisområdet sør for Sognefjorden og indre Sogn, har blitt ramma av uakseptabelt høge straumprisar. Den sålangt etablerte handelskapasiteten gjennom dei nye kablane gjer at ein eksporterer kraft i slike mengder at resultatet blir import av kontinentale og britiske straumprisar. Sogn Regionråd og Hardanger regionråd har overfor sentrale myndigheter teke til motmæle mot nivået på krafteksporten.

Stortingsrepresentant Erling Sande frå Senterpartiet, tidlegare i leiinga for Sogn og Fjordane Energi, blei 28. oktober 2021 intervjuva i avisa Firda om kraftsituasjonen. Her sa han mellom anna:

«Straumprisane i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn vil i årevis framover vere skjerma for utanlandsk konkurranse. Det vil gjere området attraktivt for kraftkrevjande verksemder».

Spørsmål til fylkesordføreren:

1. Sidan NVE påpeikar at prisnedgangen sør Sognefjorden vil bli atskilleg mindre enn prisoppgangen nord for Sognefjorden; synes fylkesordføreren at det er ei rettferdig løysing på straumpris-krisa vi no opplever, med ei slik utjamning?
2. Når det er slik Erling Sande hevda; er det rimeleg at konkurransefordelen som størsteparten av Sogn og Fjordane har, skal bli fjerna, i alle fall redusert, gjennom Statnett sin større kraft-handelskapasitet over Sognefjorden?
3. Bør ein ikkje vente med å byggje denne «motorvegen for straum over Sognefjorden» til dess handelskapasiteten med utlandet er avgrensa til eit nivå som innbyggjarane og arbeidsplassane i Noreg kan leve med?»

Svar frå fylkesordføreren

Spørsmål 1

Vestland fylke ligger i tre ulike prisområde for straum. Betre linjenett mellom område i ulike prisområde vil alt anna likt redusere prisforskjellane. I det siste har prisforskjellen vore ekstremt stor. NO3 har no hatt Europas billigaste straumprisar og vil framover også ha konkurransedyktige priser. Vi trenger eit godt straumnett internt i fylket. Prisforskjellen har i vinter vore ekstremt høg, og forskjellen har nok vore høgare enn det folk flest vil oppleve som rettferdig. At straumprisane i fylket vårt utjamnast betre ser eg positivt på.

Spørsmål 2

Når den gamle 300 kV linja over Sognefjorden får auka kapasitet til 420 kV vil den kunne frakte meir straum. Prisforskjellen mellom straumområde NO5 og NO3 i vinter er ikkje berekraftig. At denne prisforskjellen blir noko redusert som følge av betre nett vil gje likare prisar til dømes mellom Høyanger og Årdal. Det er likevel all grunn til å tru at NO3 også etter oppgradering av linja vil ha lågare priser enn NO5. Straumprisen i NO3 har i det siste vore Europas billigaste og nordlege ytre delar av fylket vil også framover ha ein svært konkurransedyktig straumpris.

Sentralnettet i fylket frakter i dag omlag halvparten av straumen vi produserer ut av Vestland (i stor grad til Austlandet), samtidig som vi har kraftmangel internt i fylket vårt. Svakt overføringsnett internt i fylket gjer at fleire

industriprosjekt har fått nei til å kople seg til straumnettet. For industri og arbeidsplassar i fylket er tilgang på kraft avgjerande og betre nett internt i fylket er særst viktig for å kunne sikre straumtilgang i heile fylket og for å kunne løyse ut ny kraftproduksjon.

Spørsmål 3

Olje- og energidepartementet ga endeleg konsesjon til 420 kV – linja over Sognefjorden 22. februar i år. Dette var endeleg vedtak etter klagebehandling og saka er no endeleg avgjort. Det at saka er endeleg avgjort gjer at det ikkje er noko juridisk grunnlag for å utsette å bygge linja.

Departementet skriv at bakgrunnen for vedtaket er behovet for å auke overføringskapasiteten på kraftleidningane. I tillegg er fjordspennene over Sognefjorden gamle og det er naudsynt å bytte disse ut. I tillegg til å ivareta og styrke forsyningssikkerheita, vil kraftlinja etter NVE sine berekningar gi ein netto samfunnsøkonomisk gevinst på 2,6 milliardar kroner.

Prosjektet Grøn Region Vestland har kartlagt meir enn 250 nye grønne prosjekt i fylket. 83 % av desse prosjekta er kraftkrevjande og tilgang på kraft er løfta fram som noko av det mest kritiske for å kunne lukkast med næringsutvikling i fylket. Rapporten fokuserer på at det hastar å få oppgradert straumnettet i Vestland for å lukkast med grøn omstilling. Om vi skal få til ein god utvikling i fylket så trenger vi betre sentralnett internt i Vestland. I dag er sentralnettet i Vestland i stor grad designa for å bringe kraft ut av Vestland til andre landsdelar og nettet internt i fylket er underdimensjonert. Om industrien i Vestland skal lukkast trenger betre straumnett internt i Vestland. Oppgradering av kraftlinja over Sognefjorden er eit bidrag til betre straumnett i fylket vårt.